



Vang kommune

Tk-Utvikling As
c/o Kvismo Sag AS Tyinvegen 3610
2973 RYFOSS

Dykkar ref.:

Vår ref.:

KRISIG-2022004632 -2

Arkiv:

K2-L32, GBNR-104/98

Vår dato:

05.08.2026

Saksnr.	Utval
150/26	Hovudutval for utvikling

Ny adresse har blitt tildelt - hugs å merk bustadane Delegert vedtak - Føsselie 1 - gnr 104 bnr 98 - adressering

Syner til e-post om planlagt adressering sendt 10.07.2026 som gjeld adressering i samband løyve til oppføring av firemannsbustad ved Føsselie 1, 104/98.

Det har ikkje kome nokon merknadar.

Dei nye adressene er no vedtekne.

Adressene er registrerte i [matrikkelen \(eigedomskartet\)](#).

Vedtak om adresse:

Følgjande adresser blir vedteken for bustadane på gardsnummer 104, bruksnummer 98:

- Bustad med inngang underetasjen aust på bygningen får adresse Føsselie 1A.
- Bustad med inngang underetasjen vest på bygningen får adresse Føsselie 1B.
- Bustad med inngang fyrste etasje, nordvest på bygningen får adresse Føsselie 3A.
- Bustad med inngang fyrste etasje, nordaust på bygningen får adresse Føsselie 3B.
- Eksisterande adresse Føsselie 1 slettast

Vedlagt følgjer kart der ny adresse er markert.

Adressa er gyldig frå og med i dag.

Dette må du gjere når adressa er gyldig

Når adressa har vorte gyldig, må du som eigar eller festar:

- Du må sette opp husnummerskilt så snart det praktisk er mogleg. God skilting er viktig for at ukjende skal finne fram. Difor må både plassering, utforming og vedlikehald vere slik at skiltet er lett og lese, også i mørket.
- Gi beskjed til kontaktar som treng å vite om den nye adressa.

Generell informasjon om korleis me tildeler adresser

Kommunen har ansvar for offisielle adresser og fattar vedtak om tildeling og endring av adresser.

Matrikkelova, matrikkelforskriften med merknader og handboka adresseveileder legg føringar for korleis adressene skal tildelast.

Her finn du Kartverkets rettleiar for adressering: [Adresseveileder | Kartverket.no](#)

Du kan lese meir om adresser på Kartverket sine nettsider: [Adresser | Kartverket.no](#)

Kvifor er adressa viktig for meg

Ei presis adresse er ofte ein føresetnad for at naudetatane skal finna fram. Risikoen for misforståingar aukar dersom adresseopplysningane om adresse ikkje er nøyaktige. Presise vegadressar er til god hjelp for alt frå innbyggjarar og tilreisande til Posten, drosjer, heimesjukepleie og andre brukarar.

Klagefrist er 3 veker

Du har høve til å klage etter reglane i matrikkelova § 46, [matrikkelforskrifta § 22](#) og forvaltningslova kapittel 6.

Klage med referanse til saksnummer 26/554 kan sendast per brev eller e-post til Vang kommune, innan tre veker frå du fekk dette brevet.

Dersom kommunen ikkje tek klagen til følge, blir klagen bli send vidare til Statsforvaltaren i Innlandet for endeleg avgjerd.

Med helsing

Sigve Kristiansen

Oppmålingsingeniør

Dir. tf.: 948 32 287

E-post: sigve.kristiansen@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.

Vedlegg

KART 104-98

301674

05.08.2026